

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 19.01.2014
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Orientering om Riksrevisjonen sin undersøking av effektivitet i sjukehus**

Arkivsak
2013/51
Styresak 020/14

Styremøte 05.02. 2014

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Riksrevisjonen overleverte den 28. november 2012 rapport frå ei undersøking av effektivitet i sjukehus. Målet med undersøkinga har vore å vurdere om det er mogleg å effektivisere sjukehusa sin organisering av pasientbehandlinga. Ut frå data om fire behandlingsformer er det berekna ulikheiter i produktivitet, og det er gjennomført undersøkingar for å identifisere faktorar som kan gi korte liggetider, effektive behandlingsforløp og høg utnytting av operasjonsstuene. Undersøkinga omfattar perioden 2009–2013.

Fakta

Dokument 3:4 (2013–2014) *Riksrevisjonens undersøkelse av effektivitet i sykehus* ble overlevert Stortinget 28. november 2013.

Målet med undersøkinga har vore å vurdere om det er mogleg å effektivisere sjukehusa sin organisering av pasientbehandlinga. Ut frå data om fire behandlingsformer er det berekna ulikheiter i produktivitet, og det er gjennomført undersøkingar for å identifisere faktorar som kan gi korte liggetider, effektive behandlingsforløp og høg utnytting av operasjonsstuene. Undersøkinga omfattar perioden 2009–2013.

Kommentarar

Det er i rapporten peika på følgjande hovudfunn:

- Sjukehusa kan bli meir effektive
 - Mange sjukehus kan redusere tal liggedøgn
 - Sjukehus med kort liggetid har ein pasientbehandling med like god effekt som sjukehus med lengre liggetid
 - Betre utnytting av operasjonsstovene kan redusere helsekøane
- Mange sjukehus kan auke produktiviteten dersom dei hentar erfaringar frå sjukehus med kort liggetid, effektive behandlingsforløp og høg utnytting av operasjonsstovene
- Den nasjonale kvalitetsindikatoren for hoftebrot skapar usikkerheit om kva som er fagleg god praksis for denne pasientgruppa
- Den nasjonale kvalitetsindikatoren for tjukktarmskreft måler ikkje pasientane sin tilgang til første behandling i sjukehusa på ein eintydig måte

Helse- og omsorgsministeren har i sitt svar til Riksrevisjonen vist til at rapporten peiker på fleire ulikheiter i behandlingsforløp og ressursutnytting mellom helseføretak og sjukehus, og at departementet vil sørge for at spesialisthelsetenesta blir kjent med og lærer av dette.

Vedlegg:

Dokument 3:4 (2013–2014) *Riksrevisjonens undersøkelse av effektivitet i sykehus*